



# Venner – september ungdomstrinnet

## Konflikt og konflikthandtering

*Kompetanse mål denne timen*

- Eleven skal kunne reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast (samfunnssfag)
- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskte hendingar (samfunnssfag)
- Eleven skal kunne bruke fagspråk og argumentere saklig i diskusjoner, samtaler, muntlige presentasjoner og skriftlige framstillinger om norskfaglige og tverrfaglige temaer (norsk)
- Eleven skal kunne identifisere og drøfte etiske problemstillingar knyttet til ulike former for kommunikasjon (KLRE)

*Til læraren:*

Ungdomstida kan for mange bli ei tid med mykje konfliktar. Det å lausrive seg frå å vere avhengig av sine nære vaksne, er jo noko av det ungdommen skal, og for mange kan det føre til høg temperatur både heime og på skolen. Umoden frontallappfunksjon gjer at dei ikkje klarer å vurdere konsekvensane av ord og handling like godt som dei vil seinare. Og ungdomshjernen generelt kan vere lite god på å behalde roa og oversikta i vanskelege situasjoner.

Difor kan det vere fint for ungdommane å lære litt om konfliktar og konflikthandtering. Det at dei har lært det, treng sjølv sagt ikkje å bety at dei klarer å bruke det etterpå – så påminning, hjelp og repetisjon kan også vere lurt.

Ta med:

- Ein kopp med hank (og gjerne skrift/mønster/bilete på)
- Vedlegget om konflikttreet, gjerne i A3 format – eitt til kvar gruppe på 3-6 personar
- Instruksjonar til denne timen

1. Start med å vise denne musikkvideoen: [Michael Jackson - Beat It \(Official Video\) - YouTube](#)

La elevane snakke saman og kome på ord som er relatert til konflikt. Kan desse rangerast på ein måte, med tanke på kor alvorleg dei er?

2. Sjå denne filmen om ulike typar konfliktar, og om kva som er viktig for å løyse ei konflikt: [Hvordan håndtere en konflikt?](#)


Dette er lurt når ein skal løyse konfliktar. La elevane få snakke saman om korleis dette kan gjerast. Kva er fint med ein slik måte å gjere det på?

- Begge parter får sei kva som skjedde, korleis dei opplevde dette og gjerne kva dei følte.
- Lytt godt og prøv å forstå begge sider, bekrefte begge sine følelsar
- Kva er lurt å gjere for å kunne gå vidare? Snakk rolig og finn ei løysing som er god for begge.

3. Konflikttreet.

Vi kan samanlikne konfliktar med eit tre. Det finnast mange ulike konfliktar, og mange ulike greiner på eit tre. Det mest synlege på eit tre er grønene, men grønene ville ikkje kunne gro utan å hente næring gjennom rotssystemet. Slik er det også med konfliktar. Desse er synlege på overflata, men kva har gitt grobotn for dei? Kva ligg i rotssystemet som har gjort at konfliktar oppstod? Her handlar det altså om årsaker til at det vert ein konflikt. La elevane jobbe i gruppe og få eit vedlegg kvar som dei skal fylle ut.

Snakk saman etterpå: Desse vonde tinga som ligg ned i jorda/rotsystemet her kan altså føre til konfliktar om dei får ligge i fred. Kva kan ein gjere med slike vonde følelsar og problem for å unngå å havne i konflikter? (snakke med kvarandre, prate med nokon og bli forstått, få hjelp av andre).



Illustrasjon av konfliktreet frå boka "Sirkel - en metode for relasjonsarbeid og godt læringsmiljø", Fagbokforlaget 2017

4. Gjer øvinga *Koppen*. Ta opp koppen og hald den fram og be elevane fortelje korleis koppen ser ut frå sin synsvinkel.
  - Korleis veit vi kva dei andre ser?
  - Korleis kan vi finne ut kva dei andre ser?
  - Er det viktig å finne ut kva dei andre ser? Be om eksempel og samanlikn med ein konfliksituasjon.

(Aktivitet frå s. 258 i boka Konfliktarbeid i Skolen v/Farstad og Odden)

5. Vis denne filmen: [Conflict resolution using NVC. - YouTube](https://www.youtube.com/watch?v=JyvXzrIwQHc) (NRC = non violent communication). Før filmen, fortel elevane at «denial» er det same som å fornekte.
6. La elevane jobbe i par og trene på å uttrykke si side av saka:
  - Følelse: mi oppleveling av situasjonen
  - Behov: Mitt behov for at dette skal bli betre
  - Ønske: Mitt ønske frå den andre

Eksempel på situasjoner å trenere på:

- Konflikt med venner
- Krangler med foreldre fordi du ikkje får vere med på overnattingstur med vennane dine.
- Diskusjon med lærar om å utsette ei prøve

7. Bruk denne slideplayeren til å forklare korleis konflikter ofte eskalerer, og kva som kan vere lurt å gjere for å roe den ned og finne løysing. <https://slideplayer.no/slide/16840856/> Husk å slå på fullskjerm for at bildet kan dekke heile skjermen, og bruk esc når de har sett den ferdig.

Her er det brukt ulv og giraff som bilde på ulike måtar å handtere konflikt. Der ulven går rett i kamp og eskalerer konflikten, vil giraffen prøve å få overblikk over situasjonen for å kunne roe den ned. Presentasjonen er god for å forklare at ein kan unngå forverring av konflikter ved å tenke meir som ein sjiraff enn som ein ulv.

Er du mest ulv eller sjiraff i ein konflikt?

Kva vil du gjere neste gong du kjem i ein konflikt, eller skal hjelpe andre som er i ein konflikt?